



Alversund Skule
Nedre Alver 2
5911 ALVERSUND

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2403 - 17/22434

Saksbehandlar:
Arne Magnar Kvamme
Arne.Kvamme@lindas.kommune.no

Dato:
14.08.2017

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg- rett til fri skuleskyss, informasjon til skulane og foreldra

Oppfølging av vedteken Kommunedelplan – Trafikksikring 2017 - 2020

Lindås kommunestyre vedtok i vår Kommunedelplan – Trafikksikring 2017 - 2020 (TS-plan). Planen omhandlar trafikksikringstiltak på mange felt, også område som skal følgjast opp av grunnskulane som del av arbeidet som *Trafikksikker skule*. Me viser her særleg til kap 5.7.1, side 88, og til kap 5.7.2. side 96.

Planen er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider:

<https://www.lindas.kommune.no/getfile.php/3867936.2235.iuijtuqwzjn7k/Kommunedelplan+for+trafikksikring+2017+-+2020.pdf>

Oppfølging av vedtaket

Som oppfølging av vedtaket, er det nødvendig at føresette får informasjon om kva vegstrekker dette gjeld for «sin» skule. **Me ber om at kvar skule sender melding til dei føresette ved skulestart, slik at aktuelle føresette har høve til å vurdere søknad om fri skuleskyss.** (Forslag til meldingstekst er lagt ved - kopier evt inn i skulen sitt eige brevark. Kopier inn aktuell tabell/kart frå vedlagde oversyn over Kategori 1 - vegar).

TS-planen seier følgjande om korleis vegstrekningar er vurderte:

«I følgjande tabell har ein klassifisert skulevegane i Lindås kommune som ligg innanfor 4km grensa frå skulen. Ein har valt å dele vegane inn i 3 kategoriar.

Kategori 1 vegar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulealder

Kategori 2 vegar som er vurdert som trafikkfarleg, men ikkje slik at det vil gi rett til fri skuleskyss på objektivt grunnlag. Foreldre kan søkje om fri skyss, med grunngiving i barnet sine føresetnader (alder/modning/fungering/....)

Kategori 3 vegar som er vurdert som mindre trafikkfarlege, og som til vanleg ikkje vil gi rett til fri skuleskyss.

Alle elevar i grunnskulealder som har skuleveg langs Kategori 1, skal ha rett til fri skuleskyss ved søknad.

Skuleskyss vert rekna til og frå skulen og gjeld ikkje born i SFO. Kvart einskild barn si føresetnad for å meistre



skulevegen er ikkje teke omsyn til i denne oversikta. Det er heller ikkje sett på særskilde vinterforhold. Det vil difor som før være høve til å søkje skyss på særskilt grunnlag og vinterskyss i kategori 2 og 3.»

Oversikt over Kategori 1 – vegar for kvar skule er vedlagt som pdf-fil. Detaljert oversikt over vegar og karegори for kvar skule finn de i TS-planen frå s. 97.

Tidlegare vedtak om fri skyss

For nokre skular har det i mange år vore ei ordning der det etter tidlegare kommunale vedtak har vore gitt generelt fri skuleskyss for alle elevar langs ein gitt vegstrekning. Desse strekningane er også med i TS-planen no.

Det er likevel slik at kommunen ikkje har heimel til å gjere generelle skyssvedtak for alle elevar langs ei strekning (jfr. rundskriv Udir-3-2009, kap 12.) Vedtak om fri skuleskyss er eit enkeltvedtak, og skal difor vera knytt til enkeltelevar.

Me går ut frå at skular allereie har tinga skuleskyss for elevar på desse strekningane i samsvar med tidlegare praksis, og at skyssen vil gå som tidlegare dette skuleåret. Det er likevel nødvendig at aktuelle foreldre langs desse strekningane søker så snart det let seg, slik at kommunen får gjort rett vedtak. (Desse foreldra treng kanskje informasjon som er litt justert i høve til vedlagde forslag).

Konsekvensar for skyssordning og budsjett

Om endringane vil ha konsekvensar for skyssordning eller skyssmiddel vil ein ikkje ha oversikt over før det vert iverksett. Det kan også vera mogeleg å samordne fleire skyssar, men det vert Skyss og Nobina sitt ansvar i første rekkje. Dersom de på skulane ser openberre misforhold, ber me om at de tek det opp med kommunalsjefen, evt. direkte med Skyss.

Kostnadene ved skuleskyss er kommunen sitt ansvar, og kommunalsjefen arbeider med å berekne evt. endringar for budsjettet. Innspel frå skulen vil vera nyttige.

Analyserapporten

Som førearbeid med TS-planen, var det gjort ein analyse av vegstrekkingar under 4 km frå kvar skule, og som er aktuelle som skuleveg. I analyserapporten er ei meir detaljert oversikt over aktuelle vegstrekkingar, og der vegstrekkingar som er vurderte som «*særleg farleg eller vanskeleg*» er beskrivne og teikna inn i kart rundt kvar skule.

Analyserapporten er teken inn som Vedlegg 1 i TS-planen:

<https://www.lindas.kommune.no/getfile.php/3867943.2235.nwpwuktsbbsup/Vedlegg1+-+Analyserapport+-+S%C3%A6rleg+farleg+skuleveg.pdf>

Med helsing

Kristin Moe
Kommunalsjef

Arne Magnar Kvamme
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Til føresette-skuleveg

Kategori 1 vegar innanfor 4-km sona (2)

Kopi til:

Dina Dyrhovden

Ragna Midtbø

Mottakarar:

Alversund Skule	Nedre Alver 2	5911	ALVERSUND
Eikanger Skule	Fyllingsnesvegen 350	5913	EIKANGERVÅG
Kløvheim Skule	Mykingvegen 640	5913	EIKANGERVÅG
Knarvik Barneskule	POSTBOKS 27	5902	ISDALSTØ
Knarvik Ungdomsskule	Juvikstølen 17	5916	ISDALSTØ
Leiknes Skule	Leknesvegen 117	5915	HJELMÅS
Lindås Barneskule	Veråsvegen 24	5955	LINDÅS
Lindås Ungdomsskule	Veråsvegen 71	5955	LINDÅS
Myking Skule	Skauvegen 3	5957	MYKING
Ostereidet Barneskule	Eidavegen 576	5993	OSTEREIDET
Ostereidet Ungdomsskule	Eidavegen 574	5993	OSTEREIDET
Seim Skule	Lurevegen 150	5912	SEIM